

Sak 1: Framlegg til forretningsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Laga får 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege utsendingar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 utsendingar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon, ein søker permisjon gjennom møtesystemet eller via sekretariatet. Søknaden skal godkjennast av fylkesårsmøtet. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtektene var 24. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 31. januar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er når strek er satt i valdebatten.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i møtesystemet MyMeet.
- Framlegg i andre saker som til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på fylkesårsmøtet må 2/3 av utsendingane vere samd i at den skal handsamast.

c) Innlegg og taletid

- Møtedeltakarane med talerett ber om innlegg via møtestystemet MyMeet.

- Taletida til innlegg er inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, har funksjonsvariasjonar eller andre særskilde behov, kan be om 1 minutt ekstra.

d) Røysting

- Framlegg må ha simpelt fleirtal (fleire røyster for enn imot) for å vedta saka. Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via MyMeet. Andre røystereglar står i vedtektene.
- Om det i personval blir likt røystetal skal det røystast ein gong til. Deretter vert det loddtrekking om det framleis er likt røystetal.
- Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / dei røysteføre krev det.